



Invitasjon til å senda skriftleg innspel til Opptaksutvalget, [opptaksutvalget@kd.dep.no](mailto:opptaksutvalget@kd.dep.no)

Tema: Heilskapleg gjennomgang av regelverket for opptak til høgare utdanning.

Svar frå Vestland fylkeskommune ved:

- Stab ved Martha Caroline Bratland
- Seksjon for kvalitet i opplæringa ved Sissel Brusegård og Håvard Ragnhildstveit
- Seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering ved Siglinde Svare og Hege BG Osebakken
- Seksjon for kompetanse ved Åsta Navelsaker Røed
- Seksjonsleiarar

## 1. Kvalifisering

- a) *Er det noen av dagens alternative måter å oppnå GSK på, som bør endres eller fases ut?*

Dei alternative ordningane som finst i dag er viktige, og dekkar eit behov for søkjarar som ikkje har hatt ei ordinær opplæring.

- b) *Hva mener dere om å innføre en standardisert kvalifiserende prøve som et supplement eller en erstatning for søkere som ikke har GSK fra videregående opplæring?*

Er usikker på behovet p.g.a. dei ordningane me allereie har i dag. Dersom det er ei ordning som kan gjera det raskare eller enklare for søkjarar, så bør det vurderast. Samtidig må ikkje ordninga bli for overfladisk, slik at det vert for enkelt å gjennomføra. Søkjarar som gjennomfører ein standardisert kvalifiserande prøve må bli godt nok kvalifisert.

- c) *Har bruken av spesielle opptakskrav i UH konsekvenser for videregående opplæring?*

Ja, elevar vel fag som gjev ekstrapoeng, t.d. realfag. Spesielle opptakskrav kan vera nyttige, men det treng ikkje å gi tilleggspoeng.

- d) *Kan spesielle opptakskrav erstattes av en form for forberedende år, tilsvarende basår-ordningen i Sverige?*

Det er viktig å vurdere ulike løysingar som bidreg inn mot Fullføringsreforma. Dagens ordning fører at søkjarar brukar lang tid på å samla nok poeng til aktuelle studier. Eit «basår» ville kunna løysa nokre av utfordringane. Samtidig er ulempene godt beskrive i grunnlagsdokumentet.

## 2. Rangering

- a) *Bør hensynet til å få inn unge søkere veie tyngre enn i dag, og hensynet til å gi søkere en mulighet til å forbedre rangeringsposisjonen sin vektet tilsvarende lavere?*

Dagens ordning fungerer godt. Samtidig er det knytt nokre utfordringar til den. Sjå svar under.

- b) *Bør måten skolepoeng regnes ut på endres ved å innføre en form for vekting av karakterer på vitnemålet?*

Tilleggspoeng for realfag og språk er problematisk fordi dei både bidreg til at opptakssnittet aukar og styrar kva fag elevane vel på skulen. Mange elevar tek desse faga i vidaregåande sjølv om dei ikkje er relevante for vidare studiet. Dette kan føre til at ein tek bort fokus frå fag i vidaregåande opplæring, som kan vera like relevante for vidare studie.

- c) *Bør utvelgelsen av studenter til populære studier skje på en annen måte enn å skille på desimaler på allerede høye poenggrenser, for eksempel ved opptaksprøver eller loddtrekning?*

Opptaksprøver kan vera aktuelt. Men det må ikkje bli ein opptaksprøve som på nytt skil på desimalar. Ein opptaksprøve bør vektleggja eigenskapar knytt til studiet ein søker på. Loddtrekning er ikkje ei god løysing.

- d) *Er det viktig at opptaksregelverket gir fordeler til søkere som har fullført VGO på normert tid, slik som dagens kvote for førstegansvitnemål?*

Me meiner dette prinsippet er riktig.

### **3. Organisering:**

- a) *Bør vi ha et felles regelverk for opptak til alle typer studier?*

Ja, det bør vere felles. Regelverket bør vere føreseieleg og lett å forstå.

- b) *Mange ser til videregående opplæring for å løse utfordringen med at nye studenter får tilbud om opptak kort tid før studiestart. Er det praktisk mulig og/eller ønskelig at vitnemålet til elever i videregående skal være klart tidligere?*

Sidan skuleåret er innretta som det er, er det vanskeleg å tenkje seg at vitnemåla kan bli klare særleg mykje tidlegare enn i dag. Endring av skuleårets lengde og tidspunkt for fastsetjing av standpunkt og eksamen vil får store konsekvensar for organisering av opplæringa.


- c) *Hva er viktigst: å ha et effektivt opptakssystem eller å ha muligheten for å ta hensyn til andre kriterier enn karakterer, for eksempel motivasjon eller egnethet?*

Begge delar er viktige, og derfor vanskeleg å setja opp mot kvarandre. Det ideelle er å ha supplerande kriterium, utan at det går ut over effektivt opptak.

Periode for innspel: 06.05.22- 18.05.22

Seksjonsleiarmøte: 23.05.22

Frist KD: 31.05.22



vestlandfylke.no